

Kven er damene med dei flotte hattane?

23.06.2017



Kva og kven spør vi.

Gunn Mari Moberg har sendt oss dette bildet med desse flotte velkledde damene. Særleg legg vi merke til dei flotte hovudplagga. Biletet er teke på Sandakaien, og det er gjort før sjøbua der vart riven. Det er brukt på det reine at det truleg er Geir Harald Nilsen som har teke bildet, men utover det reiser det seg fleire spørsmål.

Vi meiner å kjenna att fleire av damene på biletet. Margit Eik, Arnhild Myklebust, Lisa Haugland, Guri Eide, Liv Kolltveit og Einfrid Myklebust er nokre av dei eg trur eg ser på bildet.

Kan det vera teke i samband med noko i regi av helselaget? Eller er det eit anna lag? Kva arrangement er det? Kva årstal kan det vera? Når vart sjøbua på Sandakaien riven? Og sist, men ikkje minst, kva er namnet på personane på bildet?

Dette er nokre av spørsmåla som dukkar opp når vi ser bildet. Dersom det er einkvan som kan hjelpe oss, blir vi glade om dei tar kontakt, enten på uskedalen.no@gmail.com eller 932 88 237.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Geir H. Nilsen(truleg)